

Emne nr. 98, tillegg til nr. 88, Møtestaden

1. Når heldt dei det første kristelege møtet i friluft i Dykkar bygd?
2. Kva slag møte var dette første kristelege friluftsmøtet (vekkjingsmøte, oppbyggingsmøte, stemne e.a.)?
3. Kva for organisasjon eller gruppe var det som skipa til dette møtet?
4. Kvar heldt dei dette møtet, på kyrkjebakken, ein stad som høvde for eit slikt møte ute i skog og mark, ved jernbanestasjonen, dampskipsbryggja, fiskeværet eller på ein annan stad i bygda der folk av ymse grunnar samla seg?
5. Var det kristelege einskildpersonar eller grupper som ikkje lika at ein hadde kristelege møte i friluft, kor mange var dei, kva for kristeleg ”retning” høyrde dei til og kvifor lika dei det ikkje?
6. Er det slik i dag at folk flest ikkje undrar seg over eller ser på det som noko uvanleg at ein har kristelege møte i friluft, og kan De seia så nokolunde når slike møte ikkje lenger var noko uvanleg og rart?
7. Kva slag kristelege møte er det som ein oftast har i friluft i dag, vekkjingsmøte, oppbyggingsmøte eller stemne?
8. Kvar held ein i tilfelle dei fleste vekkjings- og oppbyggingsmøta i friluft i dag, når på året held ein dei, når på dagen, og kva for kristelege organisasjonar eller grupper er det som held desse møta? Har dei ymse organisasjonar eller grupper kvar sine møtestader for slike vekkjingsmøte?
9. Kvar held ein i tilfelle dei fleste kristelege stemner i friluft i dag, når på året held ein dei, når på dagen, og kva for kristelege organisasjonar eller grupper i bygda er det som held dei? Har

dei ymse organisasjonar eller grupper i bygda kvar sine stemnestader?

10. Vert det og har det i Dykkar bygd vorte halde ei eller fleire årvisse kristelege friluftsstemner til ei viss tid eller ein viss dag på året? Vi vil då svært gjerne få ei skildring av desse stemnene med opplysningar om kven som i kvart tilfelle skipar til stemna (misjonslag, indremisjon, kristeleg ungdomslag, søndagsskule, Frelsesarmé e.a.), kva stemna vart eller vert kalla, kvar og når dei vart (vert) haldne, når ein tok til med å halda kvar einskild av desse årvisse stemnene og når det i tilfelle vart slutt med det, kva som gjekk (går) for seg på stemna, kor mange som til vanleg møtte (møter) der og kva bygder dei kom (kjem) i frå.
11. Når heldt dei det første kristelege teltmøtet i Dykkar bygd?
12. Kva for organisasjon eller gruppe var det som skipa til dette møtet?
13. Kvar stod teltet?
14. Vart teltet sett opp berre for eit einaste møte, eller heldt dei fleire møter der?
15. Kor mange var det rom for i teltet?
16. Har det hendt seinare også at dei har reist telt i Dykkar bygd for å halda kristelege møte der? Vi vil i tilfelle gjerne få vita så nokolunde kva år det var.
17. Har teltet vorte reist berre for eit einaste møte eller stemne,
18. eller har dei halde ei rekkje møte der?
19. Dersom det har vore vanlig å halda ei rekkje møte i teltet, når på året vart og vert det sett opp, og når tok eller tek dei det ned?
20. Kva for organisasjonar eller grupper er det som har nytta telt til kristeleg møteverksemd i Dykkar bygd?
21. Kor ofte var og er det møte der, kva slag møte var er er det (vekkjings- eller oppbyggjingsmøte), og var (er) møta i teltet på nokon måte annleis enn vanlege møte i bedehuset?
22. Kvar er den vanlege teltplassen, og kor stort var og er teltet?